

Kystlotteriet i Nordfjord i 2020



I 2020 har Fjordane friluftsråd fått tilskot til strandrydding i Nordfjord. Det betyr at du få levert avfallet kostnadsfritt, men berre om ryddinga er registrert på rett måte hos www.ryddnorge.no Dette er eit krav frå myndigheitane for å kunne få utbetalt tilskotet.

Slik gjer du det

Om du treng hjelp til organisering, transport eller anna ta kontakt med Fjordane friluftsråd. Du finn kontakinformasjon til dei tilsette på <http://www.fjordane.fr.no/>

Finn ein stad du vil rydde, i strandsona eller langs eit vassdrag.

Opprett ein ryddeaksjon på <https://ryddenorge.no> Når du opprettar denne må du knytte denne til Fjordane friluftsråd. (Det ligg ei brukarrettleiing på www.nomil.no) Du får tildelt ein aksjonsode, denne er viktig å ta vare på.

Hent sekkar og lodd på eit av Nomil sine gjenbruksstasjonar. I nokre kommunar får du og henta utstyr på servicetorga, eller på andre utleveringsstadar. Sjå <http://www.fjordane.fr.no/> for ei oppdatert oversikt over utleveringsstadar i din kommune.

Plukk forsøpling og legg i Kystlotterisekken.

Registrer funna dine på Ryddeportalen og avslutt aksjonen din. Dette må du gjere for å få levert avfallet kostnadsfritt.

Fyll ut lodda og lever sekkane og loddet ditt inn på eit av Nomil sine gjenbruksstasjonar.

Ta med aksjonskoden din.

Det vert trekt vinnarar både i lokal og nasjonal trekning. Du kan vinne billetter, turar, opplevingar eller ein pengesum til klassen eller idrettslaget din.

HUGSELISTE TIL STRANDRYDDING

Ver kledd og skodd etter forholda. Hanskar kan vere lurt for å beskytte fingrane. Nokre utleveringsstadar har hanskar til utdeling.

Ha med telefon og enkelt førstehjelpsutstyr, om noko skulle gå gale.

Vis omsyn til dyrelivet. Hekkande fugl må ikkje forstyrrast. Det er ferdselforbod i ei rekke område i tida 15.april – 15.juli. Ta kontakt med Fylkesmannen om du har spørsmål rundt dette.

SORTERING AV AVFALL

Avfallet du leverer i sekken vert handtert som restavfall. Det skal kvernast og sendast til forbrenning.

Dette må du legge i ein eigen sekk, eller levere ved sidan av sekken:

Farleg avfall: batteri, lyspærer, olje, sprøytemiddel og kjemikalie

Elektrisk og elektronisk avfall

Avfall som har solide metallbitar. Dette skader kverner og utstyr.

Tauverk og not. Forbrenningsnanlegg tek ikkje i mot tau og not til forbrenning.

NOMIL LEVERER UT UTSTYR TIL KYSTLOTTERIET HER:

Bremanger: Nomil sine gjenbruksstasjonar i Smørham og Svelgen.

Gloppen: Nomil sitt anlegg i Eidsmona

Kinn: Nomil sin gjenbruksstasjon i Vedvika

Stad: Gjenbruksstasjonane på Haugen og i Selje sentrum

Stryn: Gjenbruksstasjonen i Stryn

Det er fleire andre som leverer ut slikt utstyr. Mellom anna dei fleste av rådhusa. For ei fullstendig liste sjå <http://www.fjordanefr.no/> for ei fullstendig oversikt. Om området du skal rydde ligg i tidlegare Flora kommune, må du ta direkte kontakt med Fjordane friluftsråd for informasjon om ordningane her.

Takk for at du bidreg til å halde naturen fri for avfall!